

**Fylkesstyret:**

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar	Møtt	95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar	Møtt	48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	Møtt	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem	Møtt	41518991	hfraf@broadpark.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	Styremedlem	Forfall	99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Erik Olufsen, 6690 Aure	1. vara	Frå 13.30	97787421	erik.olufsen@sweco.no
Christine Strandmann, Keiser Wilhelmsgate 62, 6003 Ålesund	Fylkesleiar BKL	Forfall	99244515	cstrandmann@hotmail.com
Arnhild Heggemslø Harstad, Storhågvegen 7, 6631 Batnfjordsøra	Fylkesleiar BU	Møtt	41605033	arnhild.bu@hotmail.com
Til orientering:				
Petter Melchior, 6214 Norddal	2. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
Elling Kvammen, 6440 Elnesvågen	3. vara		91824069	elling.kv@hotmail.com
Sekretariatet		Tlf. arbeid		
Arnar Lyche - Møtt	org.-sjef	71202897	41418871	arnar.lyche@bondelaget.no
Arild Erlien - Møtt	rådgjevar	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag tysdag 20. september 2011 kl. 10.30 – 17.00 på møterom 3. etasje Felleskjøpet i Molde

Innleiingsvis var det ei presentasjonsrunde av styret for ny organisasjonssjef.

1/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tillegg til sak 45 om grøn forsking. Ny sak om søknad frå Bygdeungdomslaget. Ny ref.sak om avløysarordninga.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend

2/2011 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 30. mai 2011

Vedtak: Protokoll frå styremøtet 30. mai godkjend.

SAK 41/2011: Oppsummering etter årsmøtet i Norges Bondelag 8. og 9. juni

Pressemelding med bilete, som også er lagt ut på heimesida, sendt i lokallagsbrev juli. Sjå også omtale i referatsaker.

Birgit Kjerstad tok i generaldebatten opp rekruttering, landbruksnæringa i media og kommunikasjon. Petter Melchior tok opp til arbeidsplan og prioriterte saker for Norges Bondelag at punktet om ”Inntekt, rekruttering og investeringsmulegheiter” blir sett opp som det einaste hovudpunktet. Utsendingane var aktive med replikkar.

Dette kom fram på styremøtet: Vala til styret skapte debatten, m.a. blanke røyster. Følte var eit splitrande årsmøte med to fløyer. Føler kan vere eit problem for årsmøtet at det er rep.-skap dagen før og at debatten om jordbruksforhandlingane m.m kjem der. Rep.-skapet er lukka forum. Debatten i rep.skapet var god, men denne debatten burde også ha kome i årsmøtet dagen etter. Generaldebatten bør vere tematisert. Debatten vart sprikande.

Vedtak: Styret merkar seg det som kom fram i årsmøtet i det vidare arbeidet.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Mobil:	E-postadresse
PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Fannestrandsveien 63. Molde	71 20 28 90	41 41 88 71	more.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet:
	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05.91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

SAK 42/2011: Før årsmøterunden i lokallaga. Saker på arbeidsplan komande året

Vedlegg: Virksomhetsplan 2011/2012 vedteke av styret i Norges Bondelag i juni.

Framlegg til årsmøtedatoar i tida 3.-21. oktober og ”fadder-ordning” er sendt laga + idear, tema og innleiarar på møter i lokale Bondelag og som FMLA og Gjensidige kan bidra med på BL-samlingar. (Vedlegg i lokallagsbrev september)

Vedlagte utkast til plansjer på aktuelle tema som kan brukast i foredrag på lokallagsårsmøta vart gjennomgått på styremøtet.

Aktuelle tema på årsmøta kan vere

- Næringspolitikk (Auka matproduksjon og inntekt, Jordvern, Rovdyr, Utdanning og kompetanse – rekruttering til utdanning)
- Kommunikasjon (Strategiar i politisk arbeid og Kommunikasjonsstrategiar)
- Organisasjonen (Politisk påverknad, allianse- og nettverksbygging, Organisasjonsbygging, Medlemsvervning)
- Andre tema etter ønske fra lokallaga

Styret fekk PowerPoint-innlegget på minnepenn.

Vedtak: Dei utarbeida plansjane til årsmøta i lokallaga blir tilpassa ønskje og behov på kvar plass.

SAK 43/2011: Strategi foran jordbruksforhandlingene

Kan vi gjere ting enklare? Bruker vi kvart år for mye tid og ressursar på å lage vår uttale? Skal vi fortsette vestlandssamarbeidet? Det var fri drøfting i styret kring desse tema.

Dette kom fram på styremøtet:

Har felles utfordringar som gjeld Vestlandet, men hvis dette skapar motsetningar, betre med friare rolle. Kan ha dialog med dei andre vestlandsfylka utan å ha felles uttale. Det vi oppfatte som vestlandsproblem er også problem i andre delar av landet. Samarbeide om å kommunisere dei viktigaste utfordringane, men ikkje felles framside/dokument. Avvente litt dette samarbeidet, event. at AU i dei tre fylka møtest til drøftingsmøte.

Styret meiner fylkeslaget bør sende ut høyringsutkast til lokallaga på førehand. AU lager utkast til styremøtet i desember.

Bør tenkje nytt m.o.t. innhald i uttalen. Ikkje ha så omfattande dokument som før. Få det kort og konsist, viktig få fram det folk kjenner på og som er vesentleg.

Vurdere å ta opp enkeltsaker fra uttalen under fylkesårsmøtet.

Styret drøfta om ein skal halde fram med å invitere repr frå landbruks- og samvirkeorganisasjonene til styremøtet om uttalen i mars. Nokre meiner dei kan få for mykje makt i forhold til arbeidet i lokallaga.

Styret vil invitere organisasjonane, men dele opp dagen i to med 10 min innleiing på kvar. Styret held fram med møtet etterpå og vedtek uttalen. Kvalitetssikring at organisasjonane er tilstade på møtet.

Vedtak: Styret tek med seg det som kom fram i styremøtet i det vidare arbeidet.

SAK 44/2011:Kommunikasjonsstrategi Norges Bondelag

Vedlegg: Førsteutkast til kommunikasjonsstrategi
Innspel/kommentarar frå Gunnar Wentzel

Norges Bondelag ønskjer innspel til dokumentet, og å kome med konkrete praktiske tiltak som kan setjast i verk for å betre kommunikasjonsarbeidet

Det er lagt opp følgande tidsplan for arbeidet hausten 2011:

- Innspillsrunde i fylkeslagene juli – lederkonferansen i september
- Tema på leiarkonferansen 22. - 23 september
- Involvering avdelingar sentralt til leiarkonferansen i september
- Vedtak styremøte 1. - 2. november
- Lokallaga vert involvert i leiarmøta

Styret var oppmoda om å gå gjennom dokumentet og kome med kommentarar på styremøtet eller skriftelege innspel som fylkesleiar og org.-sjef kunne ta med seg vidare til leiarkonferansen dei skulle delta på på Gardermoen 22. og 23. sept.

Fleire i styret påpeika at det viktigaste med strategien er prosessen, og ikkje sjølve dokumentet.

Vedtak: Fylkesleiar tek med seg det som kom fram i styret til leiarmøtet, og tek saka til vitande.

SAK 45/2011: "Grønn forskning" Midt-Norge – vidare arbeid i M&R

Grønn forskning i Midt-Norge er eit treårig initiativ for å bidra til auka verdiskapinga innafor grønn sektor i Midt-Norge. Prosjektet skal arbeide for auka volum og auka brukarmedverknad i samband med forskning og utvikling (FoU). Prosjektet er initiert av næringa, og oppdragsgjevar er Samarbeidsrådet for landbruket i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag (Midt-Norge). Denne samanslutninga består av midtnorske representantar for Norsk Landbrukssamvirke, Allskog og Norsk Landbruksrådgivning, i tillegg til fylkeslaga for Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Leiar i Samarbeidsrådet, Lars Morten Rosmo og prosjektleiar Øyvind Mejell Jakobsen, hadde 7. juli møte med M&R fylkeskommune og Fylkesmannen om kompetanseløftet i Trøndelag og felles skolering av tillitsvalde gjennom samarbeidsrådet. I etterkant av dette møtet same dag møtte dei også M&R Bondelag: fylkesleiar Inge Martin Karlsvik, styremedlem Anne Katrine Jensen, påtropende org.-sjef Arnar Lyche og rådgjevar Arild Erlien.

Møre og Romsdal Bondelag er opptatt av ei positiv utvikling av landbruket. For å auke verdiskapinga og vidareutvikle næringa anser vi forsking og utvikling som eit av fleire viktige verktøy. Landbruksnæringa, og spesielt primærsektoren, har imidlertid ei utfordring når det gjeld å involvere seg i forskingsaktivitetane: Landbruket er fragmentert, og mange større og mindre aktørar anser det som krevande og involvere seg i forskinga.

Bestillerkompetansen er i mange tilfeller relativt låg og kjennskapen til ulike forskningsmiljø og finansieringskjelder begrenser seg ofte til kva som finst i eigen region. Konsekvensen kan vere at næringa i stor grad aksepterer forskingsmiljøas initiativ, og ikkje sjølv deltek i utforminga og prioriteringa av forskingsprosjekta. Det er imidlertid rimelig å anta at jo meir næringssaktørane involverer seg i oppbygginga og gjennomføringa av forskingsprosjekta, jo meir relevant blir forskinga og jo meir sannsynleg er det at resultata også blir teke i bruk.

I tillegg kan det sjå ut som om forskingsaktiviteten retta mot landbruket generelt og mot Midt-Norge spesielt ikkje nødvendigvis gjenspeglar verdiskapinga og viktigheta av denne næringa i vår region.

Prosjektet Grønn forskning i Midt-Norge er eit initiativ frå landbruksnæringa om å gi drahjelp til meir brukarfokusert forsking retta mot landbruket i Midt-Norge. Prosjektet setter forsking på dagsorden i landbruksnæringa og bidrar til å synliggjere kva ny kunnskap og ny forsking som næringa sjølv etterspør. Dette er med på å bygge opp bestillerkompetanse og kjennskap til forskingsarbeid blant næringssaktørane, sjølv om dette må anses som et langsiktig arbeid. Ut frå synliggjorde behov om ny kunnskap tas det initiativ til at nye og konkrete forskingsprosjekt som utviklast i et samarbeid mellom næringssaktørar og forskingsmiljø. Prosjektet er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal og trøndelagsfylka. Dette samarbeidet er basert på lik fokus på alle tre fylka, og gir Møre og Romsdal en god mulighet til å få drahjelp til meir praktisk retta landbruksforskning.

Prosjektet har gitt konkrete resultat i form av ein rekke nye og store forskingsprosjekt som er relevante for landbruksnæringa i Møre og Romsdal. For fleire av prosjekta, med fokus for eksempel på konkrete tiltak mot flåttbare sjukdommer og betre utnyttelse av grovfôr, står også forskingsmiljø frå Møre og Romsdal i spissen.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen, fylkeskommunen og prosjektleiar i Grønn Forskning.

Vedtak: Møre og Romsdal Bondelag ønskjer å støtte ei vidareføring av prosjektet Grønn forskning i Midt-Norge, som eit samarbeid med trøndelagsfylka om å bidra til meir praktisk og brukarstyrt forsking for landbruket i regionen vår. Vårt ønskje er samtidig at Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune vidarefører sin faglege og finanzielle støtte til prosjektet.

SAK 46/2011: Lokalmatsatsinga i Møre og Romsdal

Vedlegg: Avklaringsnotat frå Fylkesmannen si landbruksavdeling til Landbruk Nordvest datert 6. juli 2011

Matsatsinga i Møre og Romsdal har gått over lang tid og har involvert fleire aktørar. M&R Bondelag hadde prosjektet frå 2005 til 2008, og Landbruk Nordvest frå 2008 til prosjektperioden går ut i oktober 2011. I samband med at vi no går mot slutten av prosjektsatsinga Matmangfald, finn Fylkesmannen det nødvendig å avklare overfor nære samarbeidspartar korleis Fylkesmannen vil prioritere for tida etter haust 2011. I avklaringsnotatet skriv Fylkesmannen at matmangfaldprosjektet blir avslutta som planlagt haust 2011. FMLA vil ikkje ta initiativ for å vidareføre arbeidet med prosjektorganisering.

Matsatsinga vart drøfta på samrådingsmøte med Fylkesmannen si landbruksavdeling 13. september. På møtet etterlyste Bondelaget ei evaluering av lokalmatsatsinga, og at prosjektleiarar og aktørar innan lokalmat kjem saman og drøfter satsinga. Det er no forslag om at hoppid.no overtek det bedriftsøkonomiske og Mat-navet på Mære overtek det matfaglege.

Vedtak: M&R Bondelag tek avklaringsnotatet frå Fylkesmannen til vitande. Styret vil be om at Fylkesmannen tek initiativ til at det blir gjennomført ei brei evaluering av matsatsinga i Møre og Romsdal, både når det gjeld måloppnåing, ressursbruk og resultat, og at det vert utarbeida ei strategisk plan for vidare satsing på lokalmat i Møre og Romsdal.

SAK 47/2011: Næringsstrategi for Møre og Romsdal – revisjon

Saka vart drøfta på samrådingsmøte med Fylkesmannen si landbruksavdeling 13. september.

Orientering på styremøtet frå fylkesleiar og org.-sjef. I dag har M&R eit tak på kr 750.000 i tak på investeringstilskot.

Ved voting: ei røyst for tak på kr.750.000 (Jensen)

Fleirtalet argumenterte med at økt maksimalt tilskot til kr 900 000, betyr veldig mykje for relativt moderate bruksutbyggingar, og er derfor ikkje spesielt strukturdrivande. Ulempa er at færre får tilskot.

Vedtak: Møre og Romsdal Bondelag vil anbefale å følgje nasjonale retningslinjer med max 30% og 900.000 som tak på investeringstilskot. M&R Bondelag ønskjer å behalde regional ordning med tak på rentestøtte.

SAK 25.2/2011: Kommune- og fylkestingsvalet - oppsummering og vidare arbeid

A: Tiltak i valkampen i Møre og Romsdal:

1 Møte med politikarar og politiske parti: Møre og Romsdal Bondelag arrangerte miniseminar under Dyregod-dagane i Gjemnes om "Lokalt næringsliv og bygdeutvikling". Fylkesordførarkandidatane Jon Aasen (AP) og Helge Orten (H) deltok

2 M&R Bondelag sendte i juli **skriv om landbruket i fylket** med argument, standpunkt og fakta om næringa, og kommunebrosjyra, til alle 243 førstekandidatane på alle partilister i 36 kommunar, samt til dei 84 fremste kandidatane i partia som stilte liste ved fylkestingsvalet.

Trygg mat, godt miljø, fornybar energi og reint vatt blir dei største politiske utfordringane for alle land i framtida. Vi har det alt saman her i vårt fylke. Og vi vil vidareutvikle mulighetene, skriv Møre og Romsdal Bondelag i brevet, der politikarane vert utfordra på akutelle saker og får argument for å delta i drøftinga rundt auka landbruksproduksjon og rekruttering til næringa.

3 Questback-undersøking som Landbrukets Utredningskontor gjennomførte for Bondelaget i sommar blant listetoppene i dei politiske partia ved kommune- og fylkestingsvalet. Svarprosenten i Møre og Romsdal var 59 prosent - totalt 131 respondentar. Omtale av resultata frå undersøkinga ligg på M&R Bondelag si heimeside.

4 Lokale Bondelag fått tilsendt frå Norges Bondelag til utdeling til lokalpolitikarar 10 eks av nytt **hefte om "Mat og landbruk - midtpunktet i hverdagen"** i samband med kommune- og fylkestingsvalet. Her er ein presentasjon av norsk landbruk, med særleg vekt på dei tema som er aktuelle på lokal- og fylkesnivå. Dette heftet vart også sendt frå fylkeskontoret i PDF på e-post til alle førstekandidatane ved kommunevalet i alle kommunar som vi har e-post adresse til.

B: Brev til nyvalde politikarar i fylke og kommunar

Fylkeslaget vurdere i oktober/november å sende brev til ordførarane og varaordførarane for komande 4-årsperiode med informasjon om aktuelle saker frå næringa, slik fylkeslaget gjorde for fire år sidan.

C: Politikerkontakt med politiske parti

Fylkesleiar har hatt kontakt med sentrale politikarar i nokre politiske parti, m.a. Høgre, Venstre og Frp. Aktuelt å invitere til "skuletime" om landbruket. Plukke ut bønder/gardar som kan ta imot besøk. Presentere eit mangfold av gardsbruk/bønder – to gardsbesøk på kvart parti.

Vedtak: Fylkeslaget inviterer dei politiske partia Høgre, Venstre og Frp kvar for seg til "skuletimer" inkl gardsbesøk i løpet av 2011/2012. Fylkeskontoret i samarbeid med AU planlegg eit opplegg for dette. Vurdere eit besøk i det nye fylkestinget i løpet av våren 2012.

D: Lesarinnlegg og heimesidesaker i valkampen

Heimeside 08.09.2011: Listetoppene tror på vekst i landbruket

De fleste av listetoppene i Møre og Romsdal mener det er potensial for vekst i landbruket i sin kommune. Høyest er troen i Senterpartiet og lavest blant Fremskrittspartiets kandidater. Venstre, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet ønsker

stengere jordvern, mens blant Fremskrittspartiets og Høyres listetopper er det store mindretall som mener at jordvernet bør svekkes. Strengt jordvern blir prioritert lavere i Møre og Romsdal enn det politikerne i resten av landet gjør. Det viser undersøkelsen som Landbruks Utredningskontor har gjennomført blant listetoppene i de politiske partiene ved kommune- og fylkestingsvalget. Undersøkelsen ble gjennomført elektronisk ved hjelp av Questback i perioden 20. juni -8. august.

Heimeside 04.09.2011: Fylkesordførerkandidater møtte landbruksnæringa

Det var to opplagte og næringsengasjerte fylkesordførerkandidater, Helge Orten (H) og Jon Aasen (Ap), som møtte næringa på Bondelagets seminar om næringsutvikling under Dyregod-dagene på Batnfjordsøra fredag 2. september. Fylkeskommunen har fått et fornyet ansvar for landbrukspolitikken i tillegg til landbruksutdanning og næringsutvikling regionalt.

Heimeside 31.08.2011:Lokal næringssatsing gir gode resultat

Det er stor skilnad mellom kommunane på kven som får ting til å skje lokalt. Kva er det som skil ut kommunar der vi ser resultat av medviten satsing? - Kommunar med bevisste politikarar og landbrukskompetanse får gode resultat med næringssutvikling og aktiv forvaltning av naturressursar og miljø. Vi ser same skilnad mellom regionar i landet, skriv nestleiar i M&R Bondelag, Birgit Oline Kjerstad i eit lesarinnlegg framfor valet..

Heimeside 26.08.2011 Framtidsretta fylke for matproduksjon

- Landbruket i vestlandsfylka har spesiell verdi for vår nasjonale identitet. Landbruket gir garantert busetting, næringsverksamhet og naturforvalting. Næringa skal kombinere matproduksjon med å føre vidare miljøkvalitetar og kulturarv i mattradisjonar og landskapet. Men slik er også landbruksnæringa lokalt ein del av løysinga på dei store utfordringane for verdssamfunnet: Nok trygg mat og fornybar energi frå eit godt miljø, skriv fylkesleiar i Bondelaget, Inge Martin Karlsvik, i eit lesarinnlegg om landbruksnæringa framfor valet.

SAK 32.2/2011: Program og opplegg for Leiarmøte utvida for lokallagsstyra

4.- og 5. nov 2011

Vedlegg: Innkalling til leiarmøtet (utsendt i lokallagsbrev 14. september)

Notat frå Norges Bondelag – rammeprogram for fylka sine leiarmøtet 2011

Leiarmøtet vert halde på Rica Seilet Hotell, Molde fredag 4. og laurdag 5. november.

Møtet tek til fredag kl 10.30 og avslutta **med lunsj** laurdag ca kl. 13.30. Også i år inviterer heile styret i lokallagsstyra! Dette som ein viktig del av Bondelaget si satsing på tillitsvalde på alle plan i organisasjonen. Frå Norges Bondelag møter 1. nestleiar Berit Hundåla frå Nordland, og tidlegare næringspolitiske sjef Per Harald Agerup frå sekretariatet.

Framlegg: Fredag: Kl. 11.00 –18.30: Felles tema og temakurs

Laurdag kl. 08.30–13.30: Utvida leiarmøte m/vanlege næringspolitiske og faglege saker felles for alle.

Aktuelle innleiarar: Oddvar Mikkelsen om kommunikasjon og strategi.

Gruppearbeid eller gruppevandring vart drøfta.

Be ein eller to bønder til å fortelje om drifta si – Eystein Opdøl? Rune H. Haram?

Bør ha ein eller to eksterne innleiarar først – ein-to timer. Svein Sæter.

Næringslivsleiar – kome med skrålblíkk på landbruket.

Ein oppløftingsbit og ein opplæringsbit. Ein godt fornøgd mjølkeprodusent

Vedtak: Skissa til program og det som kom fram på møtet blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.

SAK 33.2/2011: Vidare drøfting av landbrukskonferanse og fylkesårsmøte

9. og 10. mars 2012

Rica Seilet Hotell, Molde, er tinga.

Fredag: Landbrukskonferanse i lag Fylkesmannen og Landbruk Nordvest.

Strukturen i landbruket, få til ein enda større møteplass. Bringe til torgs situasjonen til bonden.

Trekke fram bønder som kjem inn i næringa utafrå, jfr nederlendere, Malme-brødrene i Fræna.

Unge Bønder-deltakere invitere, dei etterlyser ein arena, evt. nokre gardsbesøk. Ha noko anna laurdag.

Sekvens med Norske Turistforening og Kristin Krohn Devold.

Tenke på rekruttering, kortkurs velje bolker vil være med på.

Invitere elevar på Gjermundnes.

Lysbilde presentasjon i pause eller som innleiing og med musikk.

Laurdag: Årsmøtesaker

Vedtak: Skissa til program og det som kom fram på møtet blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.

SAK 48/2011: Oppsummering av sommerens representasjoner

Dyregod-dagane, Open Gard, Matfestival, Syltemartna m.m – jfr referatsaker pkt 5

Kva skal vi vere med på vidare? Kva kan gjøres betre og kva skal vi prioritere bort...

Vedtak: Saka vert utsett og tek att på seinare styremøte om kva vi brukar ressursane på.

SAK 49/2011: Arbeidslista framover, møtedatoar

Vedlegg: Invitasjon til besøk på Bioforsk Tingvoll

Sjå arbeids- og møteplan 2011-2012 nedanfor – sak 50, pkt 2

Vedtak: Til styremøtet 18. oktober invitere Gjermundnes presentere frå lunsj (ein time)

Styremøte 6.-7. des vert lagt til Tingvoll med besøk hos Bioforsk. Overnatting på Tingvoll fjordhotell. Avtale besøk hos Tingvollost.

Styret ønskjer todagars styremøte i januar der vi deltek på kornkonferansen i Oslo kombinert med styremøte. Dato for møtet i januar vert fastsett seinare når dato for kornkonferansen i kjent.

SAK 50/2011: Søknad frå Møre og Romsdal Bygdeungdomslag til Høstarr

Møre og Romsdal Bondelag har fått vedlagte søknad frå Møre og Romsdal Bygdeungdomslag om økonomisk støtte for haustsamling for Møre og Romsdal, Sør Trøndelag og Nord Trøndelag BU. Søknaden lyder på sum kr. 10.000,-, og det blir søkt om same beløp frå alle tre fylkeslaga i Bondelaget.

Sør-Trøndelag Bondelag har bevilga 3.400 kr, dvs 1/3 av beløpet. Dei søker 10.000 til alle tre fylker, dvs 3.333 frå kvart fylke.

Vedtak: Møre og Romsdal Bondelag løyver kr. 3.400 i støtte til Bygdeungdomslagets haustkurs 30. sept-2.okt 2011. Midlane vert dekkja av rekrutteringsmidlane.

SAK 51/2011: Referatsaker

1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving

Medlemsutvikling hittil i år:

Medlemstal 01/01-11: 3.423 **Medlemstal pr 14/09-11: 3.370 - 53**

Nyinnmelde hittil i 2011: 88 Utmeldte hittil i år: 141 (Av desse 41 stopp ubetalt)

2 Arbeids- og møteplan 2011-2012

(Dato ajourført: 20. sept 2011)

Haustferie skulen: Veke 40 – 3.-7. oktober 2011. Vinterferie: Veke 8 – 20.-24. februar 2012

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakrar/Ansvarlege
19. Sept	Fylkesstyremøte	Molde	Styret
18. Okt	Fylkesstyremøte		Styret
19.-21. Oktober	Skattekurs: Tema:	Geiranger	Samarb. Rekneskapskontor
15. oktober	Temedag Eigarskifte	Molde	
3.- 21. okt	Årsmøte i lokallaga		Medlemmene/lokallaga
4.-5. Nov	Leiarmøte + styrekurs	Molde, Seilet	Lokallagsstyrta og fylkeslag
11.-13. nov	Nei til EU Landsmøte	Molde Seilet	
20. nov	Søknad Aktivt Lokallagsmidlar		Lokallaga
6.-7. Des	Fylkesstyremøte	Tingvoll	Styret
2012			
Januar	Fylkesstyremøte		Styret
Jan	Frist for lokallaga forslag til valnemnda		
jan / feb.	Møte i valnemnda		
ca. 1. feb	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		
Feb	Fylkesstyremøte (årsmeld/rekneskap)		Styret
Feb	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		
1. mars	Kontingentforfall		
Mars	Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala)		Styret og samvirket
9.-10. mars	Årsmøte M&R Bondelag	Molde Seilet	Lokallaga, fylkeslaget

3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:

22.-23. september: Leiarkonferanse Norges Bondelag, fylkesleiar, org.-sjef

14. oktober: Kurs i korn- og kraftforpolitikk for FKNR og Bondelaget, Molde
Invitasjon og program utdelt på møtet.

4 Aktivitetar og møter i lokallaga

Tysdag 30. august kl. 12.00 i Surnadal Kulturhus på Skei inviterte Bondelaga i Surnadal og Todalen til temamøte om nettsituasjonen og korleis nødvendig opprusting av lokale, regionale og nasjonale nett skal finansierast. Innleiarar frå NVE, Svorka Energi og Småkraftforeninga. Paneldebatt etter innlegga.

Heimeside 31.08.2011: Nettet har for dårlig kapasitet for nye utbygginger

Planlagte utbygginger av kraftverk er satt på vent, blant annet fordi nettet som skal føre strømmen ut til forbrukerne ikke har stor nok kapasitet. - Dermed går vi glipp av store ressurser, og dette er en betydelig samfunnsøkonomisk kostnad. I siste instans vil det bety dyrere strøm for sluttbrukerne, sier leder i Surnadal Bondelag, Oddvar Mikkelsen, til TIDENS KRAV.

Heimeside 07.09.2011: Bondelag og skogeigarlag etterlyser bedre kommuneveger

Rauma Bondelag og Rauma Skogeigarlag retter en klar utfordring til politikerne på vegne av næringene sine. - Etter at kommunen foretok en belastningstest på vegene sine, ble det vi allerede visste bekreftet. Vegene er i så dårlig forfatning at de ikke tåler belastningene de utsettes for ved moderne skogsdrift, sier Rolf Ivar Moen, i Rauma Skogeigarlag. Sammen med Anders Øverbø i Rauma Bondelag har han skrevet brev til kommunen der politikerne utfordres på dette feltet. De to minner om at skog- og landbruk også er næringsvirksomhet, som genererer både inntekter og arbeidsplasser.
(ÅNDALSNES AVIS)

5 Referat frå møter og arrangement

7. juni: Repr.-skapsmøte Norges Bondelag, Lillehammer, Inge Martin Karlsvik, Arild Erlien

8.-9. juni 2011 Årsmøte Norges Bondelag, Lillehammer

Utsendingar frå Møre og Romsdal var forutan fylkesleiar Inge Martin Karlsvik dei årsmøtevalde utsendingane Anne Katrine Jensen, Birgit Oline Kjerstad, Hans Frafjord, Arne Rekkedal, Erik Olufsen og Petter Melchior. Rådgjevar Arild Erlien møtte i staden for organisasjonssjef Gunnar Wentzel. Solveig Linge Stakkestad, Norddal, møtte som utsending for Norges Bygdekinnelag.

Odd Chr. Stenerud, Giske, vart attvælt som ordstyrar i årsmøtet, og Arne Magnus Aasen, Tingvol, vart valt til ny varaordstyrar i årsmøtet.

Heimeside 09.06.2011: Bondetinget: Inntektspolitikken må løftast fram

Inntekt, rekruttering og investeringsmuligheter må løftast fram og ligge på topp i Norges Bondelag sitt arbeid, sa årsmøte-utsending Petter Melchior frå Norddal i generaldebatten på årsmøtet i Norges Bondelag på Lillehammer 8. og 9. juni. Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik er oppteken av at sjølv om det er lett å teikne eit dystert bilet av landbruket og skuffelse over jordbruksoppgjeret, skjer det også mykje positivt i næringa.

Heimeside 09.06.2011: Sunnmørsbonde styrer Bondetinget

Sunnmørsbonden Odd Christian Stenerud frå Godøya i Giske kommune styrer Bondetinget for sjuande året på rad. Med stødig og myndig møteleiing er han ein av dei mest profilerte og ein av veteranane under årsmøtet i Norges Bondelag på Lillehammer denne veka.

16. august: Møte om Inn på Tunet, Fylkeshuset, Molde, Birgit Oline Kjerstad

Open Gard Lokallaga – totalt over 3.000 besøkande:

DATO	ARRANGØR	VERTSKAP - GARD	KOMMUNE	Besøkstal
25.-26.juni	Skjåstaddalen BL	Knutegarden, Bjørke	Ørsta	300
20.august	Smøla Bondelag	Norsk Myrmuseum, Moldstad	Smøla	300
21.august	Todalen Bondelag	Pestua, Todalen Maren Ansnes/Asbjørn Karlsen	Surnadal	270
21.august	Tingvoll Bondelag	Saghaug gard, Torjulvågen	Tingvoll	450
21.august	Sykylven Bondelag	Sundalssetra, Aure Samdrift	Sykylven	1500
28.august	Austefjord Bondelag	Astrid Gjersdal og Tore Våde	Volda	250

Heimeside 22.08.2011: Godt besøk på Open Gard

Dei fire Open Gard-arrangmenta i Møre og Romsdal i helga hadde godt besøk. Det var stor interesse for å bli kjent med folk, dyr, gardsdrift og tradisjonelt landbruk. Og søndag 28. august er det klart for Open Gard i Austefjorden i Volda, med Astrid Gjersdal og Tore Våde i Gjersdalen som vertskap.

Open Gard-evaluering frå fylkeskontoret: Våre konklusjonar og erfaringar i samsvar med det erfart tidlegare år:

- Det er tungt å rekruttera vertskap.
- Ein del lokallag er kritiske i forhold til kven dei vil ha som vertskap.
- Ein del lokallag er for seine med å bestemma seg for gjennomføring.
- I ein del tilfeller blir gjennomføring usikker pga veret, sikkerhet på garden, m.v.
- I nokre tilfeller strevar vi med å samordna annonsering fordi lokallaga gjer endringer i gjennomføring.
- Totalt sett opplever vi imidlertid at arrangørane er nøgde med gjennomføringa og at dei fleste ser på dette som eit positivt løft for lokallaget.

24.-28. august: Den Norske Matfestivalen, Ålesund. Birgit Kjerstad deltok med stand 4 dagar. Elles frå Bondelaget Arne Rekkedal, Rune Henning Haram, Jørgen Holte og Arild Erlien.

M&R Bondelag og M&R Bygdekvinnelag hadde i år stand ved sia av kvarandre i eit av festivalelta, og alle dagar var det "stint" med besøkande.

Heimeside 30.08.2011: - Mat er eit unikt kontaktmiddel

- Mat er eit unikt kontaktmiddel. Det var gøy å stå på Bondelagsstand og servere folk på Matfestivalen i Ålesund ein liten smakebit av Gilde si Santa Kristina Skinke, og fortelje at vi som bønder ynskjer å gi det norske folket trygg mat og mat av beste kvalitet, seier nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Birgit Oline Kjerstad frå Haram. I forrige veke var ho på stand for Bondelaget under Matfestivalen. M&R Bondelag og M&R Bygdekvinnelag hadde i år stand ved sia av kvarandre i eit av festivalelta, og alle dagar var det "stint" med besøkande.

25. august: Daglegvaredagen, Matfestivalen i Ålesund, Birgit Oline Kjerstad

27.-28. august: Syltemartna i Tresfjord– Stand Laurdag 27. Aug: Arild Erlien. Sundag 28. Aug: Hans Frafjord

29. august: Relevansgruppa for Soileffects - møte på Bioforsk Økologisk, Tingvoll. Anne Katrine Jensen frå M&R Bondelag, Per Harald Agerup frå Norges Bondelag.

Tema for møtet: Bruk av biorest, fokus på fjøs og biogassanlegg, og FoU-prioriteringer både mht biogass og for å nå 15% målet for økologisk mat og landbruk.

30. august: Møte om økologisk handlingsplan i Møre og Romsdal 2012-2015, Fylkeshuset, Molde, Anne Katrine Jensen.

På møtet deltok repr frå Møre og Romsdal bondelag, Landbruk Nordvest, Bioforsk Økologisk, Oikos Midt-Norge og Fylkesmannens landbruksavdeling.

31.aug-1.sept: Sekretariatskonferanse Norges Bondelag, Hønefoss. Heile kontoret

2. sept Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Gjemnes - seminar kl 12.00-13.00.

Møre og Romsdal Bondelag arrangerte miniseminær om "Lokalt næringsliv og bygdeutvikling". Fylkesordførarkandidatane Jon Aasen (AP) og Helge Orten (H) samtalte med Borghild Reenskaug frå Fjørtoft, bonde, styremedlem i Tine Meieriet Vest og rådsordførar i Tine-konsernet. Fylkesleiar i M&R Bondelag, Inge Martin Karlsvik, leia samtaleprogrammet.

Etter seminaret vart fylkesordførerkandidatene og Bondelagets fylkesleder intervjuet av NRK-TV Møre og Romsdal. Og landbruket var sentralt tema i den politisk debatt som vart overført direkte i NRK-radio Møre og Romsdal seinare på ettermiddagen.

2.-4. sept: Dyregoddagane, M&R Bondelag med stand, Gjemnes

Fredag 2.: Arild Erlien og Anne T. Myrbostad. Laurdag 3.: Atle Frantzen og Arild Erlien. Sundag 4.: Arild Erlien.

6.-7. september: Fylkesmannen si årlege landbrukskonferanse i Geiranger for landbruksforvaltinga. Fylkeskontoret.

13. september: Samrådingsmøte med Fylkesmannen si landbruksavdeling, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche

Deltakarar frå Allskog, Småbrukarlaget, Bondelaget, Innovasjon Norge, fylkeskommunen og landbruksavdelinga.

Tema til drøfting: BU bedriftsretta – rapportering, BU tilrettelegging – rapportering, Jordbruksavtalemidlar forvalta av fylkeskommunen – rapportering, Matsatsinga, Andre engasjement – f.eks samarbeid om diverse forskningsprosikt, Rekruttering, Kort om revisjon av næringsstrategi (2012), Kort om revisjon av RMP, Kort om handlingsplan for økologisk jordbruk, Landbruksplan for M&R?, Møter og samarbeid framover

15. september - Prosjekt kornbaserte produksjonar Nortura i Moldehallen, Inge Martin Karlsvik, Hans Frafjord

Møtet drøfta forslag til prosjektplan, inkl budsjett og finansiering. Planlagd prosjektperiode: 3 år, frå 1. januar 2012 til 1. januar 2015. Engasjere ein person i 50 % stilling. Prosjekteigar: Nortura SA

Jorunn Gunnerød frå Norsvin M&R vart valt som leiar av styringsgruppa, som elles består av Nortura: Asbjørn Ramselien og Brit Kari Eidsefot Hauger, Fylkesmannen: Ottar Longva, M&R Bondelag: Hans Frafjord, FK Nordmøre og Romsdal: Svein Aure, FK Agri: Bastian Weiberg-Aurdal, Gjermundnes v.g. skule: Geir Inge Lien, og ein repr. frå M&R Fylkeskommune.

Initiativ til prosjektet frå M&R Bondelag – fylkesleiar Inge Martin Karlsvik.

Prosjektet har som mål å rekruttere minimum 10 nye smågrisprodusentar i Møre og Romsdal, og å styrke dei kornbaserte produksjonane. Negativ utvikling i tal smågrisprodusentar i Møre og Romsdal. I 1995 såkte 137 produsentar om produksjonstilskot på purker, medan søknadstalet i 2010 berre var 46 produsentar.

Prosjektet og prosjektleiar skal: Utvikle og gjennomføre eit marknadsføringsopplegg for rekruttering til smågrisproduksjon spesielt, og svineproduksjonen generelt. Gjennomføre individuelle ”strategisamtalar” hos dei gardbrukarane som tek kontakt og syner interesse for svineproduksjonen. Oppsøke gardbrukarar som vert vurdert å vere potensielle smågrisprodusentar. Utarbeide økonomisk og produksjonsmessig analyse for interessantar, samt fagleg oppfølging i beslutningsprosessen. Fokusere på heile fylket. Bidra til eit fagleg miljø for svineprodusentane. Ha god dialog med dei samarbeidande organisaasjonane. Halde seg fagleg oppdatert og delta i Nortura Team gris sitt nettverk.

17. sept: Oppstartseminar Lokallaga + BKL / BU

”Vi sparkar i gang” laurdag 17. september på Rica Seilet Hotell i Molde. Møre og Romsdal Bondelag og Møre og Romsdal Bygdekvinnelag inviterte til felles oppstartkonferanse 10.30-16.00 for styremedlemmer i lokallaga med tanke på å ”sparke i gang” aktiviteten etter sommarferien. Vel 45 deltakarar. Innleiarar var leiar i Norges Bygdekvinnelag og styremedlem i Norges Bondelag, Katrine Kleveland og nestleiar i M&R Bondelag, Birgit Oline Kjerstad.

Oppsummering ved Birgit Kjerstad:

Vi vart færre enn vi håpa, men likevel har eg inntrykk av at dei som hadde sett av dagen sette pris på å samlast og fann samlinga inspirerande for å kome i gong med lokallagsarbeidet. Bygdekvinnelaget gav mykje tilbakemelding om at dette var inspirerande. For meg som nestleiar i Fylkeslaget var det fint å få ein slik start på arbeidsåret der eg fekk møte medlemmar, dei tilsette på kontoret og representanten frå NB, Katrine Kleveland. Det vart sett fokus på at kvardagen og at det trufaste arbeidet i bygda og lokallaget er viktig. Det å skape gode lokalmiljø handlar om dei grunnleggande tinga. Korleis vi møter folk og korleis vi tek vare på og inkluderer kvarandre. Kva haldningar vi har til arbeidet og verdiane vi skaper er viktige for omdømmet til landbruksnæringa og bygda.

Av innspeil under debatten kan nemnast :

Bondelaget må ikkje si sin iver med næringsutvikling, gløyme heiltidsbonden og matprodusenten og her familiebruka i mjølkeproduksjonen spesielt.

Tilskott og bruk av offentlege midlar må innrettast slik at det fører til produksjon av varer.

Etter kvart som vi blir færre bønder er alliansar med andre deler av samfunnet viktig. Det vart etterlyst at ein kanskje kunne få til meir saman med ”fisk” her i fylket for å profilere Møre og Romsdal som det største matfylket.

Vi bør kanskje vere forsiktige med samanslåing av lag og heller tenkje meir samarbeid når det vert få att. Samanslåing vil gi utfordringar for tillitsvalde som skal fylge opp arealsaker og andre saker i sitt område, og samanslåing fører gjerne til færre aktive tillitsvalde. Fleire lag har gode erfaringar med å variere møtestad så det ikkje vert dei same som må reise langt kvar gong.

Heimeside 19. september: Snakk hjemstedet ditt opp!

- Åpne og inkluderende bygder kan ikke vedtas, men du verden hvor mye annet vi kan gjøre!!! Jeg er glad for at det er offentlig norsk politikk at vi skal ha mulighet for å bo i hele Norge med spredt bosettingsmønster. Jeg ønsker meg folk som med handa på hjertet forteller at de er stolte av og glad for å bo i ei livskraftig bygd! Jeg er nemlig overbevist om at det smitter... Dette handler også om rekruttering til landbruket. Snakk hjemstedet ditt opp!

Det sa leder i Norges Bygdekvinnelag og styremedlem i Norges Bondelag, Katrine Kleveland, da hun ”sparket i gang” høstens organisasjonsaktivitet i M&R Bondelag og M&R Bygdekvinnelag på den felles oppstartkonferansen og samrådsmøtet for lokallaga i Molde lørdag med fokus på det politiske arbeidet og organisasjonsarbeidet i de to organisasjonene.

19. september: Gjødselseminar i Oslo, Arnar Lyche

Åpent seminar om tiltak for å redusere forurensningen fra husdyrgjødsel. Arr: SLF

6 Orienteringssaker

6.1 Arbeid med informasjon, rekruttering, likestilling og kompetanse

Møre og Romsdal Bondelag vart i 2010 tildelt frå fylkeskommunen kr 400.000 til gjennomføring av konkrete oppgåver innan rekruttering, likestilling og kompetanse for 2010-2011.

24. juni fekk M&R Bondelag tilslagn om om nye kr 300 000 for 2011-2012. Dette er midlar frå jordbruksavtala, formidla av LMD via fylkeskommunen.

I fylkeslagets rapport til fylkekommunen for første periode 2010-2011, jfr. vedtak, orientering og vedlegg til styremøte 30. mai, gjorde vi det klart at arbeidet med fleire punkt og oppstarta konkrete oppgåver ikkje var fullført og at vi ønska å arbeide vidare med det. Kontoret og styret ser at dette er vanskeleg å fullføre som del av den vanlege arbeidsdagen.

I samråd med fylkesleiar og dei tilsette på fylkeskontoret er ”pensjonist” Gunnar Wentzel engasjert av Norges Bondelag til å fullføre dei tiltaka som er oppstarta, og dei tiltaka som er skissert i søknaden for 2011-2012.

Vedlegg: Plan datert 10. juni for oppfølging av ”Prosjekt Rekruttering – likestilling – kompetanse” i Møre og Romsdal Bondelag 2011-2012

Godtgjersle: nytte Norges Bondelag sin reiserekning og regulativ for møtegodtgjørelse for arbeid. Gunnar utfører arbeidet heimefrå og med ein del reiser for å samle stoff og bileter. Alt stoff og biletarkivet blir overført Møre og Romsdal Bondelag. Alt materiell vert gjort tilgjengeleg på heimeside. Ferdig vår 2012, og for rapportering til fylkeskommunen.

6.2 Bruk av investeringsverkemidlane i Møre og Romsdal 2011

Vedlegg: Innovasjon Norge sin rapport for løyvingar i 1. halvår av 2011 i Møre og Romsdal om bruken av investeringsverkemidla for landbruket i fylket. Søknadane har vore mange, og situasjonen er nok ein gong slik at hovuddelen av tilgjengelege rammer allereie er løyvd ved utgangen av 1. halvår.

6.3 Uttalelse fra Rovviltnemnda i region 6 til Mattilsynet angående mulig beitenekt i 2012 for enkelte dyreholdere

Mattilsynet sendte våren 2011 ut informasjonsbrev til 25 dyreholdere og 3 beitelag i region 6 med stort tap av beitedyr. I brevet ble det informert om at dyrehold hos i den aktuelle besetningen ser ut til å ha hatt så store tap i en periode at ytterligere tiltak i tillegg til de som allerede er igangsatt må iverksettes for å forebygge skader og dødsfall blant beitedyra. Mattilsynet skrev videre at dersom nye tiltak ikke settes inn, eller tapene i beitesesongen 2011 fortsetter i samme størrelsесorden som i de foregående årene vil Mattilsynet vurdere å gi pålegg om begrensninger i bruk av utmarksbeite til beitedyr i beitesesongen 2012.

Med bakgrunn i dette ble Mattilsynet invitert til møte i rovviltnemnda for region 6 tirsdag den 30. august 2011 der de ble bedt om å orientere om den videre håndteringen. I etterkant av Mattilsynets orientering vedtok rovviltnemnda i region 6 følgende uttalelse som sendes Mattilsynet:

Rovviltnemnda i region seks er bekymret for konsekvensene av Mattilsynets brev om mulig beitenekt til 25 dyreholdere og 3 beitelag i region seks (Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag). Rovviltnemnda ber Mattilsynet snarest, og i lys av rovdyrforliket, ta kontakt med nasjonal og regional rovviltnormalting med den hensikt å få redusert antall skadegjørere i de aktuelle områdene. Rovviltnemnda konstaterer at i region seks er rovvilt årsaken til de høye tapstallene.

For å styrke arbeidet med den regionale rovviltnormaltingen ber Rovviltnemnda om at Mattilsynet i større grad bidrar med faglige innspill til nemnda i forbindelse med rovviltnemndas arbeid.

Det er rovviltnemndas oppfatning at det er en uforholdsmessig stor belastning for enkeltbrukerne å bli påført beitenekt i områder der det ikke er mål om yngling når tapene på grunn av rovdyr fortsatt er forhøyt. Rovviltnemnda ber derfor Mattilsynet i større grad gå i dialog med dyreholdere og rovviltnormaltingen for å bidra med forebyggende tiltak.

Toril Melheim Strand (sign) (leder) Rovviltnemnda i region 6

6.4 Prosjekt småskala kraftverk vert avløyst av vass- og vindkraftprosjekt 1. oktober

E-post 19. august frå prosjektleiar Terje Engvik:

Som kjent har det snart gått 3 år sidan ”Prosjekt småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet” starta opp i Norges Bondelag. Etter ein startperiode med innsats berre mot dei tre vestlandsfylka vart det opna for at prosjektet kunne yte tenester til grunneigarar over heile landet om kapasiteten tillet det. Sjølv om innsatsen i siste halvdelen av prosjektperioden i stor grad har vore landsomfattande, ligg jo nesten halvdelen av småkraftressursane i landet i dei tre fylka våre, og prosjektet har hatt spesielt tette band til dei tre fylkesbondelaga som stod bak prosjektet frå starten i lag med Norges Bondelag.

Frå 1. oktober kjem det nye prosjektet ”fornybar elproduksjon i landbruket” formelt i gang, med innsats både mot småkraft og vindkraft. I praksis vert de ein glidande overgang, som allereie har starta. Den fyrste tida etter 1. oktober vert det

truleg mykje vind-jobbing. Det nye prosjektet vert formelt landsomfattande og eigmendt Norges Bondelag, men den nære tilknytinga til Vestlandet vil jo halde fram. Også på vindkraftsektoren har vi mykje av ressursane her. Store vindkraftprosjekt vil nok kunne vere meir kontroversielle også blant grunneigarane enn tilfellet er for småkraft. Men i alle høve er det viktig å arbeide for best moglege løysingar for grunneigarane – praktisk og økonomisk. Det vil også bli fokus på mulegheitene for småskala vindkraft på gardane.

Haustseminar med ymse tilleggsnærings tema i Oslo 11. og 12. oktober. 12. oktober står fornybar energi på dagsordenen. Då får vi fagtema knytte til både småkraft, vindkraft og bioenergi, og avslutninga av småkraftprosjektet og oppstarten av vind- og vasskraftprosjektet vert markert.

Sluttrapport frå småkraftprosjektet og fagdagen i Oslo 12. oktober er det som så langt er planlagt av formell avslutning av småkraftprosjektet. Men underteikna står gjerne til disposisjon for deltaking på lokale markeringar i Vestlandsfylka om det skulle vere ynskje om det. Dette kan t.d. vere innslag om prosjekta/ oppsummering på andre møte i bondelagsorganisasjonen eller særskilde fagmøte om småkraft-/ vindkrafttema – også i aktuelle lokallag.

6.5 Bygdeutviklingsprisen til Solvor og Gunnar Waagen

Solvor og M&R Bondelags æresmedlem Gunnar Waagen frå Tingvoll vart 6. september tildelt Bygdeutviklingsprisen 2011 for Møre og Romsdal.. Det skjedde på landbrukskonferansen i Geiranger. Paret fekk prisen for å ha bygd ut garden sitt til eit mönsterbruk og for å ha etablert ysteri basert på eigen mjølkeproduksjon. Prisvinnarane var nominert av M&R Bondelag til å få prisen.

6.6 Framlegg frå Bondelaget til medlem i styret i Innovasjon Norge

I samråd med fylkesleiar sendte fylkeskontoret innan fristen 10. august framlegg på attval på landbruksnæringa og Bondelaget sin representant Anne Katrine Jensen som kandidat til det regionale styret for Innovasjon Norge Møre og Romsdal for perioden 1. januar 2012 – 31. desember 2013.

6.7 Rekneskapsundersøking av 18 mjølkeprodusentar i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal **Vedlegg**

6.8. Høring jakt- og fangsttider

Styremedlemmer i Møre og Romsdal Bondelag hadde saken ute til høring på e-post med frist 1. september for merknader og synspunkter. Følgende kommentarer ble sendt NB innan fristen 9. sept:

Møre og Romsdal Bondelag slutter seg til forslagene som ligg i høringsnotatet, og vil understreke følgende:

*Greit med DN sitt forslag om jakttid for hjort fra 1. sept til 23. des. Det betyr vel at hjorten i noe større grad kan høstes der den også beiter før høsttrekket. Jfr også DNs begrunnelse om at mye av jakta vil skje på innmark i ført brukerkonflikter.

*Videre at FM får fullmakt til å starte jakt på grågås 15 dager (eller 10) før ordinær start der det foreligger forvaltningsplan.

6.8. Landbruksmeldinga

E-post frå Norges Bondelag 2. september:

- Meldinga er meldt opp for Stortinget i november
- Regjeringen vil i forkant av dette legge fram meldinga for kongen i statsråd – dette vil da skje en eller annen fredag, den datoer er ikke satt.
- Etter at meldinga er lagt fram for Stortinget, er det opp til Stortinget hvordan de vil behandle den videre
- Vanlig praksis er at det ikke er noen høringsrunde, men at næringskomiteen kan velge å avholde ei høring på meldinga. Dette kan være ei høring med kun inviterte, eller ei åpen høring der de som ønsker det kan melde seg på
- Det pleier å gå en del tid fra meldinger legges fram til de behandles i komiteen. Fra LMDs side ble det antydet at det neppe ville bli noen komitebehandling i år. Vårsemesteret før meldingen kommer til behandling
- LMD understreker at dette er en landbruks- og MAT-melding, ikke bare en landbruksmelding.....

Dette betyr at det ikke vil bli noen høringsrunde til fylkeslagene etter at meldinga blir lagt fram.

Det som nå er viktig, er fortsatt å ha kontakt med politikere fram mot meldinga legges fram for å holde trykket oppe (de er nå i sluttspurten for å få på plass de mest prinsipielle tingene). Etter at meldinga er lagt fram av ei rød-grønn flertallsregjering, er det antakeligvis lite å hente i næringskomiteen.

6.9 Innspill om avløserordninga

M&R Bondelag har mottatt på e-post og muntlig på møtet på Seilet 7. sept innspill om avløserordninga fra styremedlem i Gjemnes Bondelag.

E-post mottatt 19. september:

Viser til samtale jeg hadde med deg angående avløserordningen i Møre og Romsdal. Det er en del punkter som jeg ønsker dere skal ta videre.

Jeg bor i Gjemnes kommune og har vært mye i kontakt med Landbruk Nordvest (LN) for å få tak i avløser. Selv om jeg har vært ute i god tid har de ikke klart å få tak i noen. De sier de har lyst ut stillinger, men det har ikke vært noen kvalifiserte søker.

Jeg har forsøkt å få tatt ut min pappapermisjon. Etter samtaler med LN ble det sagt at de ikke hadde noen plikt å finne en avløser, men kunne være behjelpeelig. Men for å kunne få godkjent pappapermisjon måtte avløseren lønnes gjennom LN. For meg virker dette litt rart.

Jeg håper at Bondelaget kan ta tak i avløserordningen. Den fungerer ikke tilfredsstillende slik den er i dag.

M&R Bondelag tek initiativ til møte om status. Invitere Fylkesmannen og Landbruk Nordvest. Arnar Lyche følgjer opp med møte i andre halvdel i oktober. (Ikke veke 42)

6.10 Saker frå Bygdekvinnelaget

6.11 Saker frå Bygdeungdomslaget

30. september – 2. oktober haustkurs på Mære.

6.12 Andre saker lagt ut på M&R Bondelag si heimeside - www.bondelaget.no/moreogromsdal

Heimeside 26.08.2011:- Bøndene må ha tollvernet

Landbruket i Norge skal tilby et bredt utvalg av matvarer, men da må importvernet ligge fast, mener Inge Martin Karlsvik i Bondelaget. Christine B. Meyer som er direktør i Konkurransetilsynet sier til Sunnmørsposten torsdag at hun er kritisk til det norske importvernet. Det overrasker ikke lederen for Bondelaget i Møre og Romsdal, Inge Martin Karlsvik. - Det der er et typisk utsagn fra Konkurransetilsynet. De ønsker heller å drive politikk enn å være et tilsyn, sier Karlsvik til SUNNMØRSPOSTEN.

Heimeside 25.08.2011: Mange gode minner etter 33 år i Bondelaget

Organisasjonssjef Gunnar Wentzel gikk 1. august av ved aldersgrense 62 år og over i pensjonistenes rekke. Etter over 33 års engasjement på fylkeskontoret i Møre og Romsdal Bondelag og stor innsats for bøndene og landbruket i fylket – fra 1. januar 1978 som organisasjons- og informasjonskonsulent før han tok over organisasjonssjefsstillinga 1. mai 1988, sitter han igjen med mange gode minner. Møtet med trivelige, engasjerte og dyktige medlemmer og tillitsvalgte har gitt inspirasjon, og vært noe av det kjekkeste med arbeidet for Norges Bondelag.

Heimeside 12.08.2011: – Eldre må gi slipp på gården

Mange får ikke ta over gården før i 40-årene, til tross for at de egentlig ønsker å bli bønder allerede når de er halvparten så gamle. Dette gjør at vi stadig får færre unge bønder i Norge, mener Inge Martin Karlsvik, som er leder i Møre og Romsdal Bondelag. – Den som skal ta over gårdsbruket er ofte i starten av sin yrkeskarriere når foreldrene har opptil 20 år igjen å drive gården på, sier han. (NRK MØRE OG ROMSDAL)

Heimeside 01.07.2011: Arnar Lyche ny organisasjonssjef i M&R Bondelag

Arnar Lyche (biletet) fra Molde er tilsett som ny organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag. Han tek til i stillinga 1. september. Organisasjonssjef Gunnar Wentzel har ønska å gå av ved aldersgrense 62 år frå 1. august 2011, etter over 33 års engasjement på fylkeskontoret og stor innsats for bøndene og landbruket i Møre og Romsdal.

Heimeside 07.06.2011: Næringskomiteen må ha høgt ambisjonsnivå

Næringskomiteen bør understreke nasjonale ambisjoner om å øke norsk matproduksjonen minst i takt med økende befolkning og opprettholde landbruksareal i drift. Dette innspillet sender Inge Martin Karlsvik på forespørsel fra fylkets medlemmer i Næringskomiteen i forkant av deres innstilling til årets jordbruksavtale den 14. juni. Våre representanter er Else-May Botten, Ap, Harald T Nesvik, FrP, Elisabeth Røbekk Nørve, H, og Rigmor Andersen Eide, KrF.

Møtet slutt kl. 17.00

Arild Erlien - ref